



Årsrapport nøytralitet for 2022

Vonett AS

1 Om Vonett AS

Vonett AS er eit nettselskap med monopol på overføring av elektrisk energi i samsvar med sine konsesjonar. Selskapet er eit dotterselskap i Voss Energi konsernet, og vart skilt ut som eige selskap i 2017. Konsernet har også verksemd innan kraftomsetning, kraftproduksjon, telekommunikasjon og fjernvarme.

Vonett AS er 100% eigd av Voss Energi AS, som igjen er 100% eigd av Voss Herad.

Vonett har ein aksjepost i Valider AS ,tilsvarende 1,43 % ,som er eigd saman med andre nettselskap. Valider leverer tenester knytta til innsamling og forvaltning av data frå AMS målarar.

Voss Energi AS er morselskapet i konsernet.

Fram til 31/12-2021 var namnet på selskapet Voss Energi Nett AS. Frå 1/1-2022 vart namnet endra til Vonett AS. Namneendringa kom som fylgje av ei nasjonal forskrift som stiller krav om skilje mellom nettselskap og anna verksemd i same konsern. I 2022 stilte RME spørsmål om og gjorde vedtak på at namnet ikkje var nøytralt nok, og vedtok at me må endra namn. Me har klaga saka inn til Energiklagenemda.

Fagansvarleg for AMS/måling, smartnett er nøytralitetsansvarleg. Han rapporterer til Dagleg leiar.

2 Særskilte fokusområdet

Vonett hadde fram til 2017 felles kundesystem med andre verksemder i konsernet. Då fekk Vonett AS splitta kundedatabasen og eige kundesenter. Vonett har eigne telefonnummer i telefonsystemet.

Vonett eig administrasjonsbygget som selskapet held til i, og leiger ut til andre selskap i konsernet. Kontorbygget har eigen tilgangskontroll som er administrert av Vonett. Vonett har ein del kontorstøttesystem (IT-system) felles med resten av konsernet. IT-ansvarleg er tilsett i Vonett og difor har me kontroll på tilgangsstyring.

Ved kjøp av tenester internt i konsernet, må Vonett vera særskilt merksam på at nøytralitetskrava er i ivaretekne.

Nettsidene er eit anna fokusområdet der ITansvarleg har eit særskilt ansvar for å fylgja opp nøytralitetskrava. Det er ei avgrensa mengd personar som kan gjera endringar på nettsida.

Vonett handterer også informasjon på ein måte som gjer at kraftleverandørar ikkje gis konkurransefortrinn. Informasjon til sluttbrukar inneheld kven som leverer kraft i nettområdet, men ingen anbefaling av leverandør.

3 Organisering av Vonett

Vonett har over 12600 nettkundar. Det inneber at me er underlagt kravet om funksjonelt skilje. Det inneber mellom anna eiga leiing i nettselskapet, som er uavhengig av resten av konsernet. Vonett har same styret som morselskapet, men ikkje det same som dei andre systerselskapa.

Nøytralitetsansvarleg er fagansvarleg for AMS/ELHUB/måling og har god kjennskap til kundedata og nøytralitet overfor kraftleverandørar, Jan Olav Opheim.

Samtlege medarbeidarar er underlagt taushetsplikt og skal ikkje dela selskapsintern eller sensitiv informasjon utanfor selskapet.

4 Sal av tenester til andre

Vonett sin driftssentral overvakar delar av Voss Energi Produksjon sine kraftstasjonar. Tenesta som vert levert er å motta alarmer og vidareformidla desse til vaktmannskap i Voss Energi Produksjon.

Vonett sel i avgrensa grad overskotskapasitet til andre.

5 Aktivitetar i 2022

Voss Energi Nett AS skifta namn til Vonett AS. Deler av bilparken, bygningar og arbeidsklede har fått nytt namn og logo.

Implementering av nye IT-verktøy har halde fram i 2021. Webside utviklinga har stansa opp etter at RME gjorde vedtak om namnebyte. Eit av fokusområda har vore å sikra at nøytralitetskrava er ivaretekne gjennom tilgangstyring.

Det er ikkje mottatt klager eller registrert avvik knytta til nøytralitet i 2022.